



ÅRSRAPPORT FOR PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK FOR 2010

INNHOLD

1. OPPSUMMERING OG UTFORDRING
2. ARBEIDSOMRÅDE
3. STATISTIKK
4. AKTIVITET
5. TANKAR FRÅ ”Å VANDRE MED HÅP 2010”

- Gje meg nokre argument for me skal satse på Vest-Telemark modellen i diakoni sa ein prost eg møtte på eit kurs. Eg syntest sjølv eg kom opp med mange gode punkt.

1. Fag møter grasrot
2. Samkøyring og fellesopplegg
4. Informasjon
5. Nær, men ikkje for nær

”Mye tyder på at om 20-25 år, så har alle prostier i Norge en slik ordning.”

Diakon Gotfred Rekkebo 1911-93 i dagboka si 31.12.1980.
Rekkebo var drivkrafta bak opprettinga av prostidiakonstillinga i Vest-Telemark. 26.februar 2011 ville han ha blitt 100 år. Rekkebo kom til Nissedal i 1972 etter eit langt liv som diakon i Austen.

Men prosten såg skeptisk på meg over brilleglasa, og sa: - Då trengs det mykje tru og solidaritet”. Det er vel det Vest-Telemark har hatt i desse 25 åra med prostidiakon, tenkte eg.

1.OPPSUMMERING OG UTFORDRING

Diakonien har mange definisjonar. Eg får lett assosiasjonar til sko. Førre kvelden var gangen min full av sko. I ulik storleik. Skogsleiren frå Fyresdal kom på eit lite julebesøk heime hjå meg på Dalen. Her var det uråd å sjå på skoa kven som var innsett eller tilsett.



Eg trur det handlar om sko og føter når Kyrkjemøtet i 2007 sa at diakoni er *evangeliet i handling*. Diakonien sit i beina. Me må vera i rørsle mot nokon som treng oss. Eller ta av oss på beina når det trengs. Kanskje må ein òg ha skikkelege vernesko med ståltupp når ein kjempar rettferdskampen. Den største og viktigaste kampen i dag er klima. Han handlar grunnleggande om kampen for fattigfolk.


Etter klimamarkering ved Vest-Telemark kyrkje i 2009, vart den samla kyrkjja utfordra i år . I samarbeid med diakonen i Sauherad, godt støtta av vår biskop, Diakonforbundet, KA og sentralkyrkjelege råd vart kyrkjelydar over heile landet oppmoda om å tenne faklar, synge og be bøner utanfor kyrkjene 4.sundag i advent.

(Bilde: Ved Eidsborg stavkyrkje brann ein einsleg fakkelt)



Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane, kyrkjedepartement og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonatet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege fellesråd fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

Å vandre med håp, er ikkje gjeldande definisjon av diakoni. Men kunne godt ha vore det. Slik var det opplevde etter årets pilegrimssamarbeid mellom psykisk helse og diakoni. Til saman åtti menneske var involvert i vandringa fra Grunge kyrkje til Røldal. Ekstra moro var det å ha med helseminister Anne Grete Strøm- Erichsen (bilde)siste dagen av vandringa. Ho let vel om dette samhandlingstiltaket.



Nytt av året samarbeidet med Distriktspsykiatrisk Senter (Dps) i Seljord. Dps står for 2.lina i det psykiske helsevernet i Vest-Telemark. Sidan august har underteikna hatt funksjon som diakon der. Oppgåvane er m. a Livssynsgruppe i Det Stille Rom (bilde) og samtaler kring eksistensielle/ åndelege spørsmål.

I 2010 feira me at det 25-år sidan landets første prostidiakon vart vigsla. Denne stillinga oppstod her hjå oss. I dag seks diakonar kring i landet bygd på Vest-Telemark modellen. Eit lite Vest-Telemark tilskot til norsk kyrkjesoge. Tema for jubileet var :Å gjera Vest-Telemark til ein betre stad å bu !

Utfordringa er å gjere Vest-Telemark kyrkja meir diakonal. At diakonien vert ein raud tråd i sokneråda sine planar, i stabane sine møter og mellom dei alminnelege kyrkjegjengarane.

Sist år er det gjennomført over fem hundre samtaler og besøk. Førebyggande grasrotarbeid i sorg – og kriser, den direkte kontakten er framleis det viktigaste i prostidiakonenesta.



2. ARBEIDSOMRÅDE

Ole Paus deltok på Verdsdagen for Psykisk Helse i Nissedal >

FORKYNNING OG UNDERVISNING OM DIAKONI.

Dette skjer gjennom gudstenester (22), møte med alle konfirmantane, kursverksemd, soknerådmøter, undervisning og Diakonispalta i Vest Telemark Blad og

OPPRETTING OG OPPFYLGING AV DIAKONIORGANA I KYRKJELYDANE.

Det er diakoniutval i Kviteseid, Nissedal/Treungen, Grunge og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar.

SAMARBEID MED SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE I PROSTIET.

Samarbeidet skjer på mange felt. M. a gjennom å møte med sokneråd og diakoniutval. Elles deltek eg fast på prestemøta og samlingar som prosten kallar inn til. Deltek elles på somme stabsmøte. Fast i Tokke, men har i år vore innom Vinje sist år.

OPPLÆRING OG UTDANNING AV FRIVILJUGE MEDARBEIDARAR .

Så godt som råd vert det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Om ikkje anna er målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg samlingspunkt.

ARBEID MED Å STYRKE FELLESSKAP OG OPPRETTEOMSORGSGRUPPER.

Sist år har det vore ei Leva - vidare – gruppe for på Åmot Skule i samarbeid med psykiatrien. I haust er det starta Livssynsgrupper på DPS i Seljord. Fire gruppemøte til no.

ARBEID MELLOM DEI INNSETTE I SKOGSLEIREN I FYRESDAL

Det er månadlege visitørbesøk. Kvar gong er det mellom 10-15 innsette som drikk kaffi og et kake med oss i Lavo`en. (Statistikken seier 101) .Fire visitorar deler på denne tenesta. Elles vert tilbodet om meir individuelle samtaler godt utnytta.(13). Oppslutninga om kyrkjesyssen varierar noko. Alt i alt er det 9 friviljuge medarbeidarar knytt til skogsleirarbeidet. I romjula kom det elleve menneske frå leiren til juleselskap på Dalen. Elles medansvarleg for Kirkens Sos i Telemark sitt "God å snakke med"- kurs i leiren.

GJE HJELP TIL MENNESKE I AKUTTE, VANSKELEG LIVSSITUASJONAR.

Jamt over annan - tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. I samband med dette har eg leia tre debriefingar. I april var eg med å arrangerte eit kurs for alle krisegruppene i Vest-Telemark. Det vart delt ut fire oppmuntringspakkar til jol.



STOFF TIL KYRKJELYDSBLAD, AVISER OG RADIO.

Kyrkjelydsblaða i prostiet får jamlege stoff. Etter kvart er kommunane sine heimesider ein fin plass å få ut ting. Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (49). Telemarksavisa har ei spalte kalla "Påfyll" med diakonistoff.(21) . I samband med innsamlinga til Kirkens Nødhjelp - aksjonen får me disponere to avissider i Vtb. Elles jamlege oppdateringar av heimesida www.prostdiakon.no (Bilde: 25-år med diakoni i Vtb vart feira)



HA KONTAKT MED OFFENTLEG SOSIALTENESTE OG HUMANITÆRE ORGAN.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteeid og Fyresdal. Kontakten med skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Sist år har eg delekte to ansvarsgrupper. Samarbeidet med Vest-Telemark psykiatrien



om pilegrimsvandringa til Røldal (Å vandre med håp), var gjennomført for tredje gong siste veka i august. I januar -møtet i Vest-Telemark Rådet vart det markert Diakonatet kunne feire sitt 25-års jubileum. Elles var rådet på pilegrimsvandring frå Svandalsflona til Røldal.(Bilde)

MÅLA SOM VART VEDTEKE PÅ

ÅRSMØTET FOR 2010/11:

1. Diakoni i Vest-Telemark

Kyrkjemøtet vedtok i 2007 ein overordna plan for diakoni i kyrkjelydane.

Dei fire overskriftene som planen er knytt opp mot er:

- Nestekjærleik
- Inkluderande fellesskap
- Vern om skaparverket
- Kamp for rettferd



Diakonen og styret for diakonatet i Vest-Telemark vil arbeide for at denne planen skal bli kjent i kyrkjelydane i Vest-Telemark og føre til lokale diakoniplanar og diakonale tiltak.

Målgruppe:

- * sokneråda - som har ansvar for diakonien i kyrkjelydane
- * dei tilsette på alle plan i kyrkja

2. Verdiar i Vest-Telemark

Diakonatet ser det som viktig i perioden å halde fokus på verdispørsmål, inkludert verdiane som styrer utviklinga i Vest-Telemark.



Diakonatet har gjort avtale med Vinje kommune / Kulturårshjulet om å arrangere verdiseminar kvart år.

Målgruppe:

- * fagseminar for tilsette - også for tilsette utanfor kyrkje
- * dels seminar opne for alle.



<Styreleiar i Diakonatet sidan 1995.
Oscar J. Garnes frå Vinje.

Frå snømassa i Åmot 2010>

RESULTATVURDERING:

Dei fire områda i Diakoniplanen er styrande for arbeidet.

Nestekjærleik blir ikkje minst uttrykt innan samtaler/husebesøk. Inkluderande fellesskap skjer på mange område: Skogsleirarbeidet, Verdiseminaret, pilegrimsvandringar, Leva - Vidaregrupper. Vern om Skaparverket og Kampen for rettferd vart ikkje minst trekt fram under konfirmantsamlinga for Vest-Telemark på Vinjehuset, og i samband med den årlege Kirkens Nødhjelp - aksjonen. Dei fleste sokneråda har diakoniplanar.

3. STATISTIKK SAMTALER/ HUSBESØK I DEI EINSKILDE FELLESRÅDSOMRÅDA:

FYRESDAL **35** (35)

NISSEDAL (Nissedal og Treungen) **26** (40)

TOKKE (Høydalsmo/Lårdal, Eidsborg/Mo/Skafsdå) **135** (157)

KVITESEID (Kilen/Fjågesund, Vrådal, Brunkeberg, Kviteseid) **82** (69)

VINJE (Møsstrond, Øyfjell, Rauland, Grunge, Vinje/Nesland) **215** (229)

SKOGSLEIR **14** (29)

DPS **15**

(2009 tala i parentes)

Til saman **522** (559)

(Tala handlar 220 ulike saker. Dei vanleg samtalene går over to til tre gonger.)



4. AKTIVITET

NISSEDAL Leia Solidaritetskonsert i samband med jordskjelvet på Haiti/ Eit diakoniutvalsmøte/ eit møte for å førebu Verdsdagen for psykisk helse /leia konsert med Ole

Paus i samband med den/ / vore med på pilegrimsvandring med konfirmantane og elles to konfirmantimar/leia Helgemessegudsteneste og gudsteneste i Haugsjåsund skjærtorsdag/ elles gudstenesta i samband med 25 års markeringa av Per Emanuelsens vigsling til Noregs fyrste prostidiakon(bilde)/Var med som diakon på Treungen-festivalen 6-7-8 aug.



FYRESDAL

Eit soknebod/ Ti samlingar i skogsleiren ma. juleavslutning i skogsleirlavoen med sokneprest og ordførar / ei konfirmantsamling med besøk frå skogsleiren/medansvarleg for Diakoniens Dag/ organiserer kyrkjesskyss og besøk i skogsleiren /invitert stortingsrepresentant Sigvald Oppebøen Hansen (Ap/ Jus.komiteten) til omvisning i leiren/ halde føredrag på Mental Helse

KVITESEID

Eitt soknerådsmøte/to konfirmantimar pluss ein laurdag med pilegrimsvandring frå Vrådal til gm. kyrkja(Bilde) andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset/ ansvarleg for årets diakonisamling for Vest-Telemark på Misjonshuset/ medansvarleg for Diakoniens Dag i Brunkeberg/ i samarbeid med sokneprest Geir Valle leia pilegrimsvandring for Brunkeberg Oppvekstsenter/ elles merka pilegrimsvegen frå Brunkeberg til Mergedal som ei lekkje i ein klients samfunnsstraffteneste/delteke på 750 års jubileet for Kviteseid gm. kyrkje/ to krisegruppermøte og eit debriefingsmøte/ to vegleiingsamtaler med skulediakon og Lagsdiakon på Kvitesund/ delteke på VIP-undervisning og i samarbeid med miljøarbeidar leia Gute - gruppe på Kvitsund/ delteke i ei gravferd/ein andakt på Betel/vore med kyrkjestabens si orientering for 10.kl



VINJE

Teke initiativ til Solidaritetskonsert for Haiti i Vinje kyrkje i januar/ eit stabsmøte i Åmot/Fire konfirmantimar i Rauland og seks i Vinje / Medansvarleg for Diakoniens Dag i Rauland og

Nesland og Solidaritetsgudsteneste i Nesland/ andakt på ljosmesse på Åmot skule/ delteke i to gravferder/ ansvarleg for Verdiseminaret på Vinjehuset/ preika på Snøformingsfestivalgudstenesta i Åmot/ delteke på konfirmantfest i Rauland/ tre risegruppermøte/preika på Møsstrond palmesundag/ Eitt soknerådsmøte for Vinje/Nesland/ to soknebod/ delteke på konfirmantleir for Rauland og Vinje på Songa (bilde) / preika på 1.s. advent i Grunge kyrkje, pilegrimsgudsteneste i Vinje kyrkje og Jonny Cash-messe/ medansvarleg for dag om Sjølvomord for krisegruppa og akuttetatar i Vinje/ Levert prosjektsøknad til Kulturetaten om skule-pilegrimsopplegg for 5-7 kl./ ny søknad til Kulturårshjulet om Verdiseminarsamarbeid.

TOKKE

Teke initiativ til ein Tusen Stjerner-konsert for Haiti/ seks stabsmøter/ eit soknerådsmøte for Eidsborg/Mo/ Skafså og eit fellesrådsmøte/preika på Diakoniens Dag på Kulturhuset på Dalen/ saman med næringssjefen ansvarleg for ein "Ny i Tokke"- kveldar./ Leiar på konfirmantleir på Trovassli./ei gravferd/ to Krisegruppermøte/ leia ei debriefing etter krisehending/ ansvarleg for Kirkens Nødhjelp-aksjonen / delteke under ordinasjonen av Jarle Bryne i Torridal/eit soknebod/Vegleiring av sjukeheimsdiakonen(6 timer)Med lærar og helsesyster leia Gutegruppa på Høydalsmo skule/ tent julegrana på Dalen/ ei gravferd i Sauherad for ein tidlegare Tokkebuar

TAL OG ARRANGEMENT FELLES FOR TOKKE, VINJE, NISSEDAL, FYRESDAL OG KVITESEID.

Tre styremøte i Diakonatet pluss årsmøtet/ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest-Telemark med team: ”Å gjera Vest-Telemark til ein betre stad å bu ” her deltok biskopen/ Diakoniprisen for 2010 gjekk til Else Ibrekk frå Vrådal(bilde) / med på konfirmanttreff på Vinjehuset/ delteke på seks prest- og diakommøte i Vest-Telemark prosti/ distriktskontakt for Kirkens Nödhjelp/ansvarleg for Diakonispalta og Kirkens Nödhjelpsida i Vest-Telemark Blad/ kyrkjeleg representant i styret for Pilegrimsvegen til Røldal og vandringsleiar Seljord-Røldal (ni dagars vandring) / prosjektansvarleg for ”Å vandre med håp” / delteke i fagdag for Vest-Telemark prosti og kurs for nye fellesrådsrepresentantar og på Truopplæringskurs for Vest-Telemark/ delteke på Yrkesmessa på Vest-Telemark Vidaregåande Skule/ til 25 års jubileet gav Diakonatet ut heftet ”Vandringsmeditasjonar” i 300 eks./ er involvert i arbeidet med å starte opp samlivskurset Level i Vest- Telemark / møtte i Vest- Telemark Rådet for å takke for støtta til diakonistillinga gjennom 25-år./ Hadde glede av å ha sjukepleiarstudent Siri Seltveit frå Rauland i praksis hjå meg i vår. (Siste semester på sjukepleiar utdanning ved Høgskulen i Telemark)/Ansvarleg for Verdiseminaret på Vinjehuset. (60 deltakarar) Tema: Det gode liv i Vest- Telemark- fleip eller fakta?/ undervist for Krisegruppa i Seljord kommune.(Bilde: Prestane i Vest- Telemark gjer ein stor innsats med KN - innsamlinga)



- UTANOM VEST-TELEMARK:

Medlem av sentralstyret i Det Norske Diakonforbund/ snakka om Vest-Telemark modellen på kurs for fellesråda i Hardanger prosti/halde kurs for krisegruppene i Eidjord og Odda kommunar/ føredrag på Kreftkonferanse i Langesund/ saman med Ivar Solbu undervist prestar i Oslo Bispedømme på Sundvollen,og tilsette i Grimstad-kyrkjene i Vrådal , halde diakonalt føredrag på bispevisitas i Grimstad og for Masterstudentar i diakoni på Mf og årsmøtet til Kirkens Sos i Telemark/ Elles undervist på gudstenestekurs for Agder og Telemark i Skien/invitert av Kyrkjeråd og Diakonhjemmet til å snakke om pilegrimsvandringa og psykisk helse på kurs i Oslo/Undervist for RVTS-Sør om ”Den Tause Mann ”/ i samarbeid med diakonen i Sauherad oppmoda til klimaengasjement utafor norske kyrkjer 4.sundag i advent./ Kåsert får årsmøtet i Telemark Sanitetskvinner.



TANKAR FRÅ ”Å VANDRE MED HÅP 2010”

DAG 1 GRUNGE KYRKJE- EDLAND

”Førre års pilegrimsvandring har skine som eit lite lys i meg gjennom vinteren.(Ein tidlegare pilegrim til Røldal)

Du spør meg kanskje om det er vondt eller godt å vera menneske?
Veit du kva eg svarar da! Eg svarar ja. (Olav Duun 1879-1939) ”



Ein skal ikkje vandre for å tekjkast Gud. Det er Gud som kjem til oss gjennom vandringa. "seier kyrkjefader Martin Luther, mannen bak kyrkjereformasjonen i 1537 og banemannen pilegrimsvandringane. Men ikkje i Røldal. Her heldt tradisjonen seg heilt til 1835. Og no er tradisjon vekt til live att.

På årets siste dag fekk eg ein telefon. Han var frå ei dame som vandra pilegrim til Røldal i sommar. Ho vil berre takke for vandring og fellesskap. Og så måtte ho få sagt, at bøna ho bad i Røldalskyrkja heldt framleis. Den ho bad om at angstn måtte bli att i Røldal. Ein kan lett tenke at pilegrimsvandringar er noko høgtideleg og særslig religiøst, ein konstant meditasjons rus? Ei tid for dei store tankar? Men det er heller dei nære og små tankane som kjem fram hjå meg. Eg er ikkje aleine på vegen. Fellesskapen er viktig. Eit fellesskap som dogg og regn frå himmelen.

Mitt hjarta hev vori i livsens strid,
og mangt eit sår hev det fengi;
det låg sjukt og sårt i så mang ei rid,
men endå hev det til denne tid
frå leiken med livet gjengi.

Menær påær etter sår på sår
derer på kvar einast' sida,
og opp dei brjotar kvar einast' vår
når lauvet spretter og isen går
og gauken gjeler i lia.

Men blomar blømer i desseær,
og blømande blom er tåret.
Det såleis også med jordi er:
når regn og dogg ho frå himlen fær,
så veksa blomar i såret.
(Åsmund O. Vinje)

DAG 2 EDLAND- VÅGSLI

En kan bare se riktig med hjertet. Det vesentlige er usynlig for øyet." (Frå Den Lille prinsen av de St. Exupery)

" For meg er kyrkja ein heim, " sa Kronprinsesse Mette – Marit i tv- intervju. Ho sat i Nidarosdomen og snakke om trua etter veit par dagar på pilegrimsvegen til Trondheim. Med eitt kjem eg i hug mitt møte med dei kongelege. Eitt pinsame augneblikk. Eg leia ei markering av Verdsdagen for psykisk helse i Treungen. Kronprins Haakon og kronprinsesse Mette-Marit var komne til Treungen for markere dagen. Han gjekk slett ikkje verst og eg gjort ein grei innsats. Det var berre



det at eg var ute av kontroll i eit minutt. Hadde gløymt dei rette tiltaleformene. Prøva meg med vasute titlar. Det var så eg ønskte at scenegolvet hadde opna seg. Med HKH Mette Marit takka meg varmt etterpå. Titlar og anna var ikkje viktig. Skilnader var viska ut. Tittelen for alle var Menneske. Slik det er under Guds høge himmel på pilegrimsvandring.

Når mine tankar æ tonge og bera, då knugar eg nesten på kne,
når min lengsel etter frihet bli for stor.

Og ikkje veit kva eg skal gjera, det æ vanskleg og finne fred,
alt du hører om æ elendighet på vår jord.


Då reiser eg ut i naturen, kanskje upp på fjellet det blå,
der vandrar eg utan mål ivi steinar og lyng.

Finn meg ei lageleg lygne, kokar kaffe, tek genseren på,
sit og drøymer, og då hører eg fjellet syng.

Eg ser deg vesle menneske, eg ser kva du er verd, ingeting kan
du gøyme vekk for meg.

Eg ser deg vesle menneske, eg æ med deg på di ferd,
og du finn meg over alt, kor hen du dreg.

(E-76/Edvin Loftsgarden)



DAG 3 VÅGSLI- ULVÅ

Eg lyfter min augo til fjell
Kvar kjem mi hjelp ifrå?
(Frå Salme 121)

Den danske teologen og filosofen Løgstrup seier at me
ikkje kan vera menneske utan å vere avhengig. På
vandringa heng med saman. Me er

ei gruppe, tenkjer kollektiv og kjänner at det er godt. Som ein
stor speidartropp på vandring. Og eg tek meg sjølv i å nynne
ein gamal speidarsong eg ikkje kan. Som nybakt far tenkte eg
at det var viktig å synge for jentene. Aftanbøn og gamle
salmar. Heilt til ei av dei meinte at eg ikkje måtte bråke når ho
skulle sove. Men inni i meg på høgfjellet -syng eg ein
speidarsongen som like gjerne er ein pilegrimsong.



I den mørke kveld, lyser bålets glør,
på en gammel vei, vi har vandret før.
På en gammel vei, med så mange spor, mot det fjerne land, hvor vår lengsel bor.
Mot den fjerne kyst, der det tause savn,
i mitt eget bryst, finner fredens havn.



Ved et gammelt kors, der all synd og skam,
i et fattig liv, slettes ut av Ham.
I den mørke kveld, lyser bålets glør,
på en gammel vei, vi har vandret før.
(Anne Mari Brodal)

DAG 4 ULVÅ-SVANDALSFLONA

Vandringa gjev høve til mange tankar. Tenker på ei jente eg kjenner. Ho har så mykje smerte inni seg, at ho må kutte og brenne seg. Rett som det er gjer ho små sjølvord. Skjer seg opp på armane, og legg hendene på kokeplata. Denne smarta er rein avlastning for skamma det er ved å vera menneske. Ingen undertrykkjande religion har gjeve henne denne kjensla. Men likevel skamfull. Skamfull over ikkje å halde mål, ikkje passe inn, ikkje vera god nok. Sjølv kunne eg vel mang ein gong tenkt å kvitte meg med Gud. Tvilen har vore min sterke og trufaste følgjesvenn gjennom livet. Tvilen kan sende meg inn i fortviling og nederlag. Han kan gjere meg lei og trist. Og suge all kraft ut av trua mi. Men somtid er tvilen ein ven. Ein ven som tek tak i mine fromme forklaringar og falske fraser. Slik kan og tvilen kan gjeva meg ærlege møte med Gud. Men tvilen må ikkje bli for stor heller. Då forsvinn Han eg trur på framom augo mine, og eg risikerer nærsynt blikk på meg sjølv. Det vert eg i alle fall ikkje oppbygd av.

Og hva er tro? Nesten det samme som håp.
Men hvis du tror for sterkt, da blir du fanatiker.
Det er ikke bra. Derfor har vi tvilen også.
Uten tvilen ville vi fremdeles befunnet oss
i steinalderen. Men du skal ikke tvile for mye heller.
Du skal bare ha en liten takluke for tvil.
Det tror jeg er meningen. En liten tvil bak øret.
(Rolf Jacobsen)

DAG 5 SVANDALSFLONA- RØLDAL

I kyrkja til Røldal eit bilet hekk
so mang ein sæling til frelse,
for sjuk og saare til dette gjekk
og fingo etter si helse.(Åsmund Olavsson Vinje)



Vart du frisk ved krusifikset, vart eg spurt etter ei pilegrimsvandring til Røldal. Mumla vel eitt er anna svar, men kunne ha sagt tydeleg at eg kjende meg betre etterpå. For meg handlar ei pilegrimsvandring om at eg får regn og dogg frå himmelen, og kjem heim som eit velsigna menneska. Og ofte har krusifikset minna meg om ein gammal Kristus-figur i St. Martin-katedralen i Guatemala. Eg var med på ein studietur med Kirkens Nødhjelp til landet. Kyrkja i byen var under restaurering

etter å ha blitt skadd i den 36-år lange borgarkrigen. (1960-96) Det var ein spesielt grusom krig. Motstandarar av regimet var lempa opp i store nett, lyft opp av helikopter og sleppte ned i varme vulkanar .


Menneske vart torturet og vansira som Kristus-figuren i St. Martin katedralen . Kyrkja var øydelagt under krige, og Kristus vart kulemerkt på brystet, og armane var skotne av. Ein hjelpelaus og lidande Kristus? Framom krusifikset i Røldal kan eg legge frå meg alle bører. Men samstundes kjem eg ikkje tomhendt frå møte med den krossfeste. Mi oppgåve no er å vera Jesu øydelagde armar. Den gode Gud har gjort seg avhengig av oss menneske til verkeleggjere det gode i verda. Men ikkje åleine.

En tåre renner fra ikonet
en mager mann med tornekrone
grepet ser jeg ned
min tro mitt håp min fred
jeg ser hva jeg har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
skammen bærer jeg



Et ord, en mann, et speil, en gåte
forundret ser jeg speilet gråte
så lite tro jeg har
jeg overhører svar
jeg trodde det var meg
som skulle redde deg
skamfull ser jeg ned
det var du som led

En mager mann som stille
lider
evig Gud til alle tider
i himmel og på jord
min frelser og min bror
jeg ser hva du har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
nåden bærer meg
(Bjørn Eidsvåg)



(Dalen 1.1.2011) Eilev Erikstein. Prostidiakon i Vest-Telemark (9111358)



ARBEIDSPLAN FOR PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK VÅREN 2011

Januar

Tys 4 Skrive årsrapport

Ons 5 Møte med kirke- og fornyingsminster Rigmor Aaserud kl.12-14, Gvarv

Tors 6 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Fre 7 VINJE

Mån 10 KVITESEID

Tys 11 NISSEDAL

Ons 12 Preste- og diakonmøte, Kviteseid kl.9.30-14

Tors 13 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgruppe kl. 14.30-15.30

Sun 16 Diakoniens Dag Kviteseid kyrkje kl.11

Tys 18 FYRESDAL Skogsleir Kleivgrend kl.17.30-20

Tors 20 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Konfirmatar Vinje kl.17-19

Fre 21 Krisekursplanlegging kl.9.30-11, Fyresdal

Ons 26 Medarbeiderfest for kyrkjelydane i Tinn kl.19-21

Tors 27 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgruppe kl. 14.30-15.30

Fred 28 Sentralstyremøte Diakonforbundet, Oslo kl.10-15

Februar

Tys 1 Inspirasjonskveld i Lunde kyrkjelyd kl.19

Tors 3 Yrkesmesse Dalen kl.10-14/ Vest-Telemark Konferansen i Vrådal kl.15-20

Mån 7 VINJE

Tys 8 KVITESEID / Skogsleir Kleivgrend kl.17.30-20

Ons 9 Preste- og diakonmøte, Kviteseid kl.9.30-13 / Inspirasjonskveld i Eide menighet, Grimstad kl.19 /

Tors 10 DPS, Seljord kl.12-15.30 / Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Mån 14 FYRESDAL

Tys 15 Fagdag for Agder/Telemarks-diakonane, Grimstad

Ons 16 Fagdag for Agder/Telemarks-diakonane, Grimstad

Tors 17 DPS. Seljord kl.12-15.30/ Styremøte Diakonate kl.17-19 (Dalen)

Fre 18 NISSEDAL

Sun 20 Gudsteneste Snøformingsfestivalen, Åmot k.15

Laur 26 Gotfred Rekkebo 100 år!

Mars

Tys 1 Sentralstyremøte Diakonforbundet, Oslo kl.10-15

Ons 2 Preste- og diakonmøte, Kviteseid kl.9.30-14

Tors 3 DPS, Seljord kl.12-15.30/Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Sun 6 Diakoniens Dag Moland kyrkje kl.11

Mån 7 VINJE

Tys 8 KVITESEID

Tors 10 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Tys 15 FYRESDAL Skogsleir Kleivgrend kl.17.30-20

Tors 17 "Vest-Telemark modellen i diakoni, Nednes prosti kl.10-12

Sun 13 Solidaritetsgudsteneste Nesland kl.11

Sun 20 Diakoniens Dag Grunge kyrkje kl.11

Tors 24 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Tys 22 NISSEDAL

Sund 27 Sundagstreff Betel k.17

April

Fre 1 VINJE

Tys 5 KVITESEID

Ons 6 Preste- og diakonmøte, Kviteseid kl.9.30-14/ Konfirmantar Fyresdal kl.18-20

Tors 7 Fagdag for krisegruppen i Vest-Telemark, Fyresdal kl.10-15

Fre 8 NISSEDAL

Laur 9 Konfirmant-treff for Vest-Telemark, Vinjehuset kl.10-17

Sun 10 Diakonisamling for V-T, Treungen kyrkje kl.17/ Årsmøte kl.16

Mån 11 FYRESDAL Skogsleir Kleivgrend kl.17.30-20

Tys 12 Kirkens Nødhjelp-innsamling kl.17-20

Ons 13 Diakoniens Dag, Diakonhjemmet kl.10-15(Kurs, Oslo)

Tors 14 Landstyremøte Diakonforbundet, Oslo kl.9-17

Sun 17 Gudsteneste Møsstrond kl.12

Tors 28 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Mai

Tors 5 DPS, Seljord kl.12-15.30 / Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Fre 6 VINJE

Tys 10 KVITESEID

Ons 11 Preste- og diakonmøte, Kviteseid kl.9.30-14

Tors 12 DPS, Seljord kl.12-15.30 / Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Mån 16 FYREDAL Skogsleir Kleivgrend kl.17.30-20

Tors 19 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgruppe kl.14.30-15.30

Tors 26 DPS, Seljord kl.12-15.30

Fre 20 NISSEDAL

Juni

Ons 1 Preste- og diakonmøte, Kviteseid kl.9.30-14

Mån 6 Sentralstyremøte Diakonforbundet, Oslo kl.10-15

Tys 7 FYREDAL Skogsleir Kleivgrend kl.17.30-2

Tors 9 DPS, Seljord kl.12-15.30/ Livssynsgr. Kl.14.30-15.30

Fre 10 VINJE

Tys 14 KVITESEID

Ons 15 NISSEDAL

Dette er ein førebels arbeidsplan. Her er det god plass til mykje anna. Kontakt på mobil 91113580 eller e-post eilever@online.no

Mvh

Eilev

Prostidiakon